



## Statens vegvesen

Os kommune i Hordaland  
Pb. 84  
5202

Asle J. Andaas

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Kari Elster Moen / 55516115

Vår referanse:  
15/229398-7

Dykkar referanse:

Vår dato:  
25.01.2016

### Tilbakemelding på notat etter møte 14.01.2016 – Forslag til strakstiltak for å betre trafikktryggleik langs Hatvikvegen

Statens vegvesen viser til møte 14.01.2016 og til notat frå Os kommune datert 18.01.2016.

Bakgrunnen for møtet var uro for trafikktryggleiks situasjonen for innbyggjarar langs Hatvikvegen, fylkesveg 552. Utbygginga på Bjånes skal etter planen starte snart. I områderegeringsplan for Hatvikvegen er det regulert gang- og sykkelveg langs vegen. Ved handsaming av reguleringsplanar på Bjånes vart det gjeve opning for å byggje 200 bustadar før det vert bygd gang- og sykkelveg i samsvar med vedtatt plan for utbetring av Hatvikvegen. Dette gjer at Os kommune meiner det er nødvendig med midlertidige tiltak for å betre situasjonen for dei som bur langs vegen.

Os kommune har i notat av 18.01.2016 lagt fram forslag til tiltak ved tre punkt langs Hatvikvegen:

**Punkt 1:** Os kommune ønskjer å etablere midlertidig grusa gangsti langs Hatvikvegen frå krysset til Hegglangsdalsvegen til busslomme aust for avkøyrsla frå Hatvikvegen til Bøvegen.

Statens vegvesen kan vere positiv til at det vert etablert ei mellombels løysing langs Hatvikvegen ved å gruse ein sti slik de har skissert i notatet. Føresetnaden er at stien må ha avstand til Hatvikvegen lik tryggleiksavstanden på 3 meter frå vegkanten på fylkesvegen. I krysningpunkta med Hegglangsdalsvegen (fv552 hp 1 m 2886) og Bøvegen (fv 552 hp2 m 320) må stien trekkast tilbake 5 meter. Vegetasjon som er høgare enn 0,5 meter i siktlinja for krysningpunkta må fjernast, og haldast nede i heile bruksperioden. Det gjeld og vegetasjon i siktlinje ved busslomme ved avkøyrsla til Bøvegen (fv 552 hp2 m 320). Vi rår også til at breidda på stien vert 3 meter slik at det er muleg for barnevogner og rullestolar å bruke vegen. For ordens skuld legg vi til at det er kommunen sjølv som må drifte denne turvegen.

**Punkt 2:** Bøvegen aust (andre enden enn punkt 1). Her har Os kommune skissert to alternative løysingar. Ei løysing er sti under eksisterande bru, og ei løysing som viser kryssing i plan.

Statens vegvesen si tilbakemelding til dette punktet er at det må leggest til rette for gangsti under eksisterande bru (vår ref: fv552 hp 2 meter 604), tilsvarande det som er regulert i planen for Hatvikvegen. Ei løysing med kryssing i plan er ikkje ønskjeleg av trafikktryggleiksomsyn.

**Punkt 3:** Krysset ved Klyva. I notatet har Os kommune lagt opp til kryssing i plan med forgjengarfelt over fylkesvegen. Det er i dette krysset trafikken vil auke mykje som følgje av utbygginga på Bjånes.

Her vil Statens vegvesen krevje at det vert bygd eit kryss slik det er regulert i områderegeringsplan for Hatvikvegen. Løysinga som er regulert tar dei omsyna som kommunen etterspør, og sikrar god og trafikksikker avvikling av trafikken for køyrande, gåande og syklande på begge sider av Hatvikvegen.

#### Finansiering

Ettersom det ikkje er løyvd midlar til Hatvikvegen enno, er det kommunen som må sørge for finansiering av tiltaka som er omtalt her. Det gjeld også etablering og drift av midlertidige anlegg.

Hordaland fylkeskommune opplyser om at Os kommune kan søke om tilskot til haldeplassar/kollektivløysing i krysset ved Klyva, Bjåneskrysset (fv 552 hp 2 meter 1050).

#### Grunnerverv

Statens vegvesen kan bistå ved grunnerverv knytt til desse tiltaka. Kontaktperson hos oss er Øyvind Pedersen, tlf. 55 51 61 34.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Kari Elster Moen  
overingeniør

Kopi  
Hordaland fylkeskommune – Samferdsleavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*